

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

**Søknad til Næringsfondet - Audsynn AS - Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 056/22 Vedtak:

Prosjektet Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Audsynn AS er eit aksjeselskap. Bransje: 70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning.
Registrert 19.01.2022.
Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Audsynn AS er ein sosial entreprenør. Verksemda har 2 tilsette og vart etablert vinteren 2022. Verksemda utvikler crowdsourcing – crowdfunding plattformen Takk!. Audsynn er ei inkubatorverksemd i IUV miljøet og har nettverk mot sentrale aktørar både nasjonalt og i England. Prosjektet vil bli leia av Solfrid Sagstad som prosjektleiar med overordna ansvar for pilotpartnarar og strategiske samarbeidspartnarar. Stian Lavik vil ha ansvar for produktutviklingsprosessen som produktutviklingsleiar i samarbeidet med Brunel University.

Om prosjektet:

Audsynn skal bygge crowdsourcing–crowdfundingplattformen "Takk!". Plattformen har fokus på sosiale formål og sosial effekt. Takk! er eit digitalt fellesskap der enkeltpersonar og organisasjonar oppretter og gir støtte til konkrete, og ofte lokale, tiltak som er formålsdrevne med mål om å auke livskvalitet blant dei som trenger det mest. Prosjektet tar utgangspunkt i ei sterk auke i ressursbehovet innan eldreomsorga, særleg mot tiltak for auka livskvalitet og forebyggande arbeid.

Hovudprosjektet som ein søker støtte til er ei vidareføring av forprosjektet og vil fasilitere for utvikling og

tilpasning av Takk!-prototypen til bruk i den norske marknaden.

Forprosjektet førte bl.a. til auka innsikt, viktige partnarskap og samarbeid, samt moglegheit til å utvikle prototype. Hovudprosjektet vil bli kjørt parallelt med eit Innovate UK finansierte prosjekt og ha fokus på å maksimere effekt, synergier, og marknadsspesifikke justeringar. Prosjektet i England er i samarbeid med blant anna Brunel University, som er partner for programvareutvikling, testing og evaluering av det digitale designet og brukaropplevinga til plattformen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Hovudprosjektet vil bestå av tre hovuddelar; forberedande fase, hovudfase og slutfase. Målet med prosjektet er å etablere strategiske samarbeidspartnarar, utvikle og tilpasse prototype, etablere og følgje opp pilotpartnarar, og i siste fase utarbeide sluttrapport med innsikt for vidare arbeid.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Digital fundraising plattform	700 000	350 000	50 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til nyskaping i næringslivet og arbeidsplassutvikling i Alver.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på pilotprosjektet Audsynn ønskjer å gjennomføre for å utvikle eigne produkt og løysingar for å skape vekst i verksemda. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer nyskaping, innovasjon og entreprenørskap og ei berekraftig næringsutvikling.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

26.10.2022	Soknad-2022-0037	1824352
26.10.2022	Presentasjon Takk! Plattformen søknad Alver Næringsfond Nov 2022 - Audsynn AS	1824353